

# Protokoll frå årsmøte i Hadeland dialekt- og mållag

15. februar 2021

Digitalt møte på Whereby

Til stades: Reidun Ramse Sørensen, Helge Midttun, Einar Raastad, Inger Marie Højfeldt, Grethe Bøe, Torill Nedberge Klevmark, Kari Alm, Arnfinn Nilsen (kom til sak 4), Peder Lofnes Hauge (innleiar), Vemund Viken (møteskrivar).

## 1 Innkalling og sakliste

Reidun Ramse Sørensen la fram innkalling og sakliste på vegne av styret.  
Innkalling og sakliste blei godkjent.

## 2 Konstituering

Reidun Ramse Sørensen la fram forslag på vegne av styret seg sjølv som møteleiar.  
**Vedtak: Reidun Ramse Sørensen vald som møteleiar.**

Reidun Ramse Sørensen la fram forslag på vegne av styret om Vemund Viken som møteskrivar  
**Vedtak: Vemund Viken vald som møteskrivar.**

Reidun Ramse Sørensen la fram forslag om Inger Marie Højfeldt og Helge Midttun som protokollunderskrivarar.

**Vedtak: Inger Marie Højfeldt og Helge Midttun vald som protokollunderskrivar.**

## Innleiing ved Peder Lofnes Hauge

Mållagsleiar Peder Lofnes Hauge innleia om det Mållaget arbeidar med no. Mållaget har lagt bak seg eit annleis år, men har likevel hatt stor suksess. Vi har oppretta fleire nye lokallag, og har sett medlemsrekord.

Framover har Mållaget fleire sakar som vi jobbar med. Nynorsken si stilling i skulen og på nettet er under press. Dialektane er også under press. Nynorskprosenten i skulen har gått litt ned.

## 3 Årsmelding 2020

Reidun Ramse Sørensen la fram årsmeldinga på vegne av styret. Gjekk gjennom årsmeldinga avsnitt for avsnitt.

Ord til saka: Reidun Ramse Sørensen.

Reidun Ramse Sørensen la fram forslag om at årsmøtet godkjenner årsmeldinga

**Vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmeldinga.**

## 4 Rekneskap 2020

Einar Raastad la fram resultatrekneskapen for 2020 og balansen for 2020. Helge Midttun las ettersynsrapporten for 2020.

Ord til saka: Einar Raastad, Reidun Ramse Sørensen, Helge Midttun, Vemund Viken.

Reidun Ramse Sørensen la fram forslag om å godkjenne rekneskapen for 2020

**Vedtak: Årsmøtet godkjenner resultatrekneskapen og balansen for 2020.**

*HM RA VIK*

## 5 Årspengar 2022

Reidun Ramse Sørensen la fram styret sitt forslag: «Årsmøtet i Hdml vedtek kr 40 som årspengar for 2021 for hovudmedlem, familiemedlem og medlemskap i lag tilslutta Noregs Ungdomslag.»

Einar Raastad la fram forslag om å behalde kontingenten på 50 kroner til oss.

Ord til saka: Reidun Ramse Sørensen, Einar Raastad, Vemund Viken, Grete Bøe, Arnfinn Nilsen, Torill Nedberge Klevmark.

**Vedtak: Årsmøtet vedtar kontingent på 50 kroner for 2022 hovudmedlem, familiemedlem og medlemskap i lag tilslutta Noregs Ungdomslag.**

## 6 Innkomne forslag

Det var ikkje komne inn nokon forslag på førehand og det blei ikkje fremma nokon forslag under møtet.

## 7 Arbeidsprogram 2021

Reidun Ramse Sørensen la fram forslag til handlingsplan for 2021.

Ord til saka: Reidun Ramse Sørensen, Torill Nedberge Klevmark, Grete Bøe, Kari Alm, Arnfinn Nilsen, Vemund Viken.

Einar Raastad la fram forslag om å ikkje dele ut dialektprisen for Hadeland i 2021, da det ikkje er nokon openberre kandidatar.

Arnfinn Nilsen la fram dette forslaget: Styret får mandat til å vurdere om det er aktuelle kandidatar i året som kjem, slik at prisen også kan delast ut i år.

**Vedtak: Årsmøtet godkjenner arbeidsplanen som rettleiande for styret, med dei innspela som kom fram i møtet.**

## 8 Val

Arnfinn Nilsen la fram forslaget til valnemnda.

Ord til saka: Reidun Ramse Sørensen, Arnfinn Nilsen, Helge Midttun.

### Vedtak:

Leiar:	Reidun Ramse Sørensen	(1 år)
Nestleiar:	Vemund Viken	(1 år)
Skrivar:	Reidun Ramse Sørensen	(2 år)
Kassastyrar:	Einar Raastad	(ikkje på val)
Styremedlem:	Torill Nedberge Klevmark	(2 år)
Styremedlem:	Inger Marie Højfeldt	(2 år)
Første vara:	Gunvor Kjendlie	(1 år)
Andre vara:	Øystein Stensæter	(1 år)
Ettersynsman:	Helge Midttun	(1 år)
Signatur:	To styremedlemmer i fellesskap.	
Prokura:	Kasserar og leiar kvar for seg.	

Utsendingar til årsmøtet i Austmannalaget: Som utsendingar vel årsmøtet styremedlemmer og vara i den rekkefølge som står i vedtektene paragraf 5.


HM RL VV  
P

Val av ein utsending til landsmøtet i Noregs Mållag: Som utsendingar vel årsmøtet styremedlemmer og vara i den rekkefølge som står i vedtektene paragraf 5.

Valnemnd: Kari Røken Alm går inn som nytt medlem for to år. Reidun Ramse Sørensen har eitt år att av sin periode.



Vemund Viken  
møteskrivar



Inger Marie Højfeldt  
Protokollunderskrivar



Helge Middtun  
Protokollunderskrivar